



Vidar Myhr  
Ikeland 98  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1055 - 17/12434

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
28.04.2017

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 169/15 Eikeland nordre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 23.03.14.

### Planstatus

Eigedomen er uregulert og er i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 avsett til LNF-føremål. Omsøkt tiltak er ikkje i samsvar med arealføremålet og krev at det vert søkt om dispensasjon frå nemnde. Vi legg ved rettleiar for søknad om dispensasjon.

Dispensasjonssøknaden skal nabovarslast.

### Plassering

Det er på situasjonsplan synt at tiltaket er plassert 1 meter frå nabogrense. Slik plassering krev at det vert innhenta naboerklæring evt. at det vert søkt om dispensasjon frå avstandskravet i plan- og bygningslova § 29-4, jf. byggt teknisk forskrift § 6-4, vi legg ved skjema som kan nyttast.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i gjeldande kommuneplan
2. Dokumentasjon på at dispensasjonssøknad er nabovarsla
3. Naboerklæring for plassering av frittliggjande bygging på over 50 m<sup>2</sup>, nærare grense enn 4 meter, evt. søknad om dispensasjon frå avstandskravet i plan- og bygningslova § 29-4
4. evt. nabomerknadar samt di vurdering av desse, då søknaden er innsendt før 14 dagers merknadsfrist er ute.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 23.06.17.

Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.



Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

NKF rettleiar dispensasjon  
naboerklering skjema vnr 20160203

**Mottakarar:**

Vidar Myhr

Ikeland 98

5912

SEIM